



Møtebok
for
Næringsfondsstyret

Møtedato: 03.02.2020
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterende rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2020	Godkjenning av møteprotokoll
003/2020	Orienteringssaker
004/2020	Søknad Modalen Røykeri
005/2020	Tilskot frå næringsfondet til kjøp av mjølkevote for geit GBNR 81/3 Straume

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/45

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2020	Næringsfondsstyret	PS	03.02.2020

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 001/2020

NF - behandling:

Håvard Engeseth påpeika at det mangla vedlegg til saka om Modalen røykeri i møteportalen. Assisterande rådmann kopierte desse vedlegga til alle medlemene før saka vart handsama Vedteke samrøystes

NF - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/45

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2020	Næringsfondsstyret	PS	03.02.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 002/2020

NF - behandling:

Vedteke samrøystes

NF - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 22.10.2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vathe Lilletvedt	FE-033	20/45

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2020	Næringsfondsstyret	PS	03.02.2020

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Næringsfondsstyret - 003/2020

NF - behandling:

Ove Sæbø orienterte om at det vil kome ein rapport med oversyn over bruk av Næringsfondstyret frå 2018 på neste kommunestyremøte. Håvard Engeseth tok opp at det var ynskjeleg å få tilbakemelding på prosjekt som har fått støtte frå næringsfondet innan vilkårsfristen på 5 år etter tildeling går ut. Assisterande rådmann orienterte om at dette ikkje er rutine no, men at dette kan gjerast i framtida. Næringsfondet stilte seg bak denne endringa i rapporteringsrutiner. Vedteke samrøystes

NF - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-223, FA-U01	20/25

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2020	Næringsfondsstyret	PS	03.02.2020

Søknad Modalen Røykeri

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver inntil 30 % av samla dokumenterte prosjektkostnadar til Modalen Røykeri AS. Dette utgjør kr. 274 500,- i stønad fordelt på kr. 137 250,- som tilskot og kr. 137 250,- som lån.

Vilkår for utbetaling:

- Det må dokumenterast annan finansiering – utover eigenkapital omtala i denne saka – på min. kr. 200 000,- før lån/tilskot kan utbetalast.
- Tilskot og lån skal nyttast i tråd med søknad m/ vedlegg.
- Tilskot og lån vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
- Lån over kr. 50 000,- skal sikrast med pant.
- Før utbetaling skal mottakaren har levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget.
- Tilskotet kan krevjast attende heilt eller delvis dersom utstyr m.m. som er finansiert med stønad frå næringsfondet vert solgt eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato.
- Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje skriftleg melding til Modalen kommune om sal eller bruksending i dette tidsrommet.
- Vedtekter for næringsfondet (pr. januar 2020) og strategisk næringsplan (pr. januar 2020) ligg til grunn for vedtaket.

Modalen kommune avslår søknaden frå Modalen røykeri. Avslaget er på grunn av manglande vurderingar og dokumentasjon i søknad og forretningsplan.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen Røykeri AS v/ Audun Pedersen søker om inntil kr. 500 000,- i lån og/eller tilskot frå Modalen kommune til etablering av foredlingsverksemd (røyking) for laks. Verksemda er planlagt etablert på eidedomen kor søker i dag har eit leigeforhold, gnr/bnr: 77/20. Samla prosjektkostnader er kl. 915 000,-.

Søklar viser til at han har 35 års erfaring frå bransjen, samt avtalepartar som kan bistå i samarbeidet når det gjeld distribusjon i mottakarland.

Søklar ser føre seg at det er eit generelt behov i marknaden for kvalitetsprodukt. Det har vore 2 møter mellom søker og Modalen kommune i forkant av søknaden, i tillegg til oppfølging pr. telefon og e-post.

Vurdering

Kompetanse/fagkunnskap

Søklar viser til 35 års erfaring frå bransjen. Han har i samtalar med ass. rådmann vist til at han tidlegare har vore i bransjen med godt hell, og gjev såleis uttrykk for bransjekunnskap.

Økonomi

Rådmannen vurderer i forhold til forretningsmodell, etableringsbudsjett og driftsbudsjett. Søklar er i tillegg beden om å vurdere prosjektet i forhold til samarbeidsaktørar, hovudaktivitetar, nøkkelressursar, verdiskaping, kunderelasjonar, kostnadsstruktur, inntekter. I tillegg å gjere ei vurdering av risiko for at prosjektet ikkje lukkast – sårbarheiter.

Det er i søknaden noko uklart i kva grad det er gjort tilstrekkelege vurderingar knytt til forretningsmodell, samla prosjektkostnadar og finansieringsplan. Søklar viser til at marknaden han siktar seg inn på alltid vil ha behov for kvalitetsprodukt, og at etterspurnaden vil vere stor. Når det gjeld inntekter (kva er kunden villig til å betale, korleis vil dei betale, tid frå produksjon til pengar på konto m.m.) er det vedlagt delvis dokumentasjon. Søklar viser til aktuelle samarbeidspartar vedr. råstofftilgang, jfr. vedlegg.

Finansieringsmodell vil ofte seie noko om oversiktsbilete og truverdet/tillit eit prosjekt har m.a. i forhold til finansieringskjelder. Forretningsmodellen vil seie noko om styrkar/veikskapar. Søklar viser til at han har eigenkapital i form av utstyr som han vil nytte i prosjektfinansieringa. Summen av dette er vurdert til å vere 115 000,-. Det er ikkje dokumentert tydelege vurderingar *om* og *kva* evt. øvrige finansieringskjelder som er aktuelle i dette prosjektet. Søklar kalkulerer at øvrige finansiør skal stå for kr. 300 000,- av prosjektkostnadane.

Samla finansieringsbehov utover eigenkapital på kr. 115 000,- er kr. 800 000,-. Dette utgjer eit søknadsprosent på 54,6 % av prosjektkostnadane som skal finansierast av Modalen kommune

gjennom lån/tilskot.

Søkjar har lagt ved driftsbudsjett for ein periode på 9 mnd. i 2020. I tillegg er det lagt ved driftsbudsjett for heile 2021, begge med utrekna overskot, jfr. vedlegg. Rådmannen er noko usikker på om budsjettet i tilstrekkeleg grad syner vurderingar knytt til marknad/marknadsføring, distribusjon, uforutsette utgifter, kva som ligg til grunn for inntekt.

Marknad

I søknaden er det vist til aktuelle selskap som verksemda har innleia samarbeid med, jfr. vedlegg. I tillegg syner søker til at han har 35 års erfaring frå bransjen.

Rådmannen skal vurdere prosjektet utifrå den dokumentasjonen som ligg i søknaden, samt samtalar i møter som har vore gjennomført med søker i forkant. Det er ikkje tilstrekkeleg grunnlag til å kunne seie at produktet vil kunne få tilgang til marknaden – evt. korleis dette skal skje (risiko/moglegheiter). Uvisse må difor nyttast til å vere noko reservert i forhold til kva grad av tillit ein har til prosjektet.

Det er kjent at eksportmarknaden når det gjeld fisk er aukande. Samstundes veit ein at konkurransen er hard, at det er store aktørar ein skal forholde seg til – også med tanke på nisjemarkadar. I eit slikt bilete vurderer rådmannen at det i for liten grad er dokumentert at det er gjort vurderingar som tilseier at prosjektet har gjennomslagskraft.

Forholdet til strategisk næringsplan (SNP) og vedtekter for næringsfondet (VT).

I SNP finn ein at fokusområdet *naturressursar* er eit ynskt utviklingsområde for Modalen kommune. Fisken i prosjektet vil ikkje kome frå Modalen, men foredlinga av produkt frå bærekraftige næringar vil likevel kunne felle inn i målgruppa. Modalen kommune ynskjer å løfte fram etablerarperspektivet kor me skal vere nytenkjande og utviklingsorientert, og kor bærekraftige forretningsidéar skal utløyse stønad. Søkjar har i samtalar med Modalen kommune peika på at fiskeprodukta kan verte ei kjelde til omdømebygging for Modalen – at fisk frå Modalen kan verte ei merkevare.

Dersom verksemda vert etablert er det utsikter til at dette vil kunne gje arbeidsplassar. I søknaden er det ikkje gjort greie for i kva omfang, men vedtektene for næringsfondet har i føremålet at fondet skal leggje følgjande kriteriar til grunn:

- Grad av sysselsetjings- og busetnadseffekt
- Tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemder.

Prosjektet stettar begge punkta. I den strategiske næringsplanen skal ein med dette som utgangspunkt vurdere kva stønadskategori ein skal leggje til grunn. Rådmannen si vurdering er at sysselsetjingseffekten er til stades i middels/høg grad dersom prosjektet lukkast fullt ut. Busetnadseffekten er til stades då arbeidsplassar er grunnlag for busetnad. Tiltaket kan i høg grad føre til nyskaping. Samla kan det peike mot stønad på inntil 50 % av prosjektkostnadane.

Det er samstundes forhold som nemnt over kor det er uvisse knytt til om prosjektet har gode nok føresetnadar til å lukkast slik søker legg til grunn. Rådmannen si vurdering er at prosjektet er noko

avgrensa utgreidd og dokumentert, samstundes vil ein løfte fram at bransjekunnskap og praktisk kunnskap for øvrig kan vere ein vesentleg faktor for å lukkast.

Rådmannen vurderer difor at Modalen kommune kan støtte prosjektet med inntil kr. 274 500,- kor kr. 137 250,- vert gjeve som tilskot og kr. 137 250,- vert gjeve som lån. Dette gjev ein samla stønadsprosent på 30 %.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert gjeve stønad på inntil kr. 274 500,- til prosjektet. 50 % som lån og 50 % som tilskot.

Næringsfondsstyret - 004/2020

NF - behandling:

Ordførar fremma forslag om å lukke møtet med bakgrunn i kommunelova §11-5 B - med vidare henvising til forvaltningslova § 13, kor forvaltninga er plikta å forhindre at nokon får tilgang eller kjennskap til teiepliktbelagt informasjon. Teiepliktig informasjon i saksdokumenta til denne saka kan ha negativ konkurransemessig betydning for søkar. Framlegget om å lukke møtet vart samrøystes vedteke.

Ordførar opna møtet etter debatten, og fremma nytt forslag til vedtak. Framlegget vart samrøystes vedteke

NF - vedtak:

Modalen kommune avslår søknaden frå Modalen røykeri. Avslaget er på grunn av manglande vurderingar og dokumentasjon i søknad og forretningsplan.

Vedlegg:

TilbudModalen Røykjeri AS

Forretningsplan

Svar forretningsmodell

Søknad om tilskot til røykeri

1+SV+_209689.pdf

Stiftelsedokument for Modalen røykeri

brønnøysundregisteret

Budsjett m.m

Tilleggsavtale nabovarsel

Tilbod

Tilbud kjøleaggregat

Smoke generator

Tilbud ismaskin og vakumpakker

1+SV+_209698.pdf

Kjøp og salskontrakt

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Laila Bjørge	Gbnr-83/1	20/33

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2020	Næringsfondsstyret	PS	03.02.2020

Tilskot frå næringsfondet til kjøp av mjølkekvote for geit GBNR 81/3 Straume

Forslag til vedtak:

Ole Anders Heimdal GBNR 83/1 i Modalen får eit tilskot frå næringsfondet på 75 % av kostnaden på kjøp av mjølkekvote på geit på 35 000 l, avgrensa til kr 656 250,-.

Vilkår for utbetaling

Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader. Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon skal vera attestert av rekneskapsfører. Utbetalinga må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkja om utsetjing innan fristen for gjennomføring.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ole Anders Heimdal som driv føretaket med org. nummer 915619002 søker om tilskot frå næringsfondet til kjøp av mjølkekvote for geit på 35 000 l. Kvoten er kjøpt frå gardbrukar i Stranda kommune, og salet og kjøpet er godkjent av Landbruksdirektoratet 17.09.2019. Det er betalt kr 25 p.r. liter pluss mva, totalt 875 000 pluss mva. Kjøpet får verknad frå 1. januar 2020. Han søker om kr 656 250,- i tilskot og resten av kostnaden vert dekkja av egne lån.

Vedlagt søknaden er ligg godkjenning frå landbruksdirektoratet og kontrakt med seljar.

Søknaden er grunngjeve med at han har kjøpt meir kvote for å sikra vidare drift på bruket og muligheit til å auka produksjonen.

Fakta om bruket

GBN R	Fulldyrka	Overflatedyrka	Innmarksbeite	Sum jordbruksareal	Produktiv skog	Anna Areal	Sum
83/1	21		65	86	306	2188	2580

Bruket har store utmarksbeite langs Steinslandsvatnet. 01.10.19 var dyretallet 86 mjølkegeit og 49 bukkar og ungdyr. I dag sel han ein del av grovforet. Kvote før kjøp var på om lag 40 000 liter, men no er det 75 000 liter geitemjøl som kan produserast.

Leigd areal:

GBN R	Fulldyrka	Overflatedyrka	Innmarksbeite	Sum jordbruksareal	Produktiv skog	Anna Areal	Sum
83/1	163	5		168			

Vurdering

Kommunestyret vedtok i møte den 07.04.11 nytt regelverk for tilskotsordningane for landbruket i Modalen, som ei prøveordning i 5 år. Denne ordninga vart vurdert i 2017, og det vart vedteke att den skulle gjelda i 5 år til.

Søknaden gjeld tilskot til kjøp av mjølkekvote. I punkt 7 i tilskotsreglane står det. Frå næringsfondet i Modalen vert det gjeve 75 % tilskot til kjøp av mjølkekvote. Kostnaden for kjøpet er kr 875 000 pluss MVA og det vert søkt om kr 656 250,- i tilskot, resten av kostnaden er dekkja av anna lånefinansiering.

Under punkt om naturressursar i gjeldande strategisk næringsplan er auka produksjon i landbruket sett opp som eit viktig tiltak for å nå målet om at Modalen skal utvikla bærekraftige næringar basert på lokale naturressursar. Denne søknaden er i tråd med dette.

I Modalen er det 4 produsentar som driv med mjølk, tre med ku og ein med geit, og mjølkeproduksjon er ein av bærebjelkane for landbruket i kommunen. Dei landbrukspolitiske rammevilkåra legg opp til at ein må auka produksjonen dersom ein skal klara å halda tritt med utviklinga. Kjøp av mjølkekvote er ei god investering fordi det gjev avkasting frå dag 1, så sant ein har bygningskapasitet og nok areal. Bruket ligg innanfor Tine sitt satsingsområde for geitemjøl.

Ole Anders Heimdal er den yngste bonden i Modalen og tok over garden etter far sin for 5 år. Han og familien har ynskje om å leva av bruket. Dei har rikeleg tilgjengeleg grovforareal og sel i dag ein del av foret. Driftsbygningen vart renoverert for om lag 10 år sidan, men det er ynskjeleg med nybygg på sikt. Bruket har god tilgang på utmarksbeite. Søkjar har prøvd å få kjøpt kvote sidan han overtok, men det har vore nesten umulig. Ei tid har han produsert på leigd kvote og det er ein stor fordel at han no kan eiga ein større kvoten. Han kan auka produksjonen noko, men dagens bygning set begrensing i høve til kor mange geit det er plass til. Det var likevel viktig å sikra seg denne kvoten no, med tanke på framtidig utbygging.

Geita er ein av dei beste landskapspleiarane me har og det har stor betyding for kulturlandskapet på Straume at denne produksjonen vert halde oppe. Geiteholdet kan og gje grunnlag for tilleggsnæring som produksjon av geitost og kje kjøtt.

Konklusjon

Søknaden er i tråd med strategisk næringsplan sitt mål om å auka produksjon i landbruket og regelverket for kommunale tilskotsordningar i landbruket.

Ole Anders Heimdal er ung gardbrukar som driv med geitemjølks produksjon på Straume saman med familien. Dei har god tilgang på areal, og ynskjer å byggja ny driftsbygning i framtida. Kjøp av kvote vil vera med å gjera dette mogleg og sikra vidare drift med auka produksjon på Straume. Geita er ein framifrå landskapspleiar og har stor betyding for å oppretthalda kulturlandskapet i bygda. Auka produksjon kan sikra framtidig drift og levebrød for familien. Det kan og gje høve til tilleggsnæring som geitostproduksjon og kje kjøtt.

Rådmannen vil tilrå at det vert gitt tilskot som omsøkt frå næringsfondet.

Næringsfondsstyret - 005/2020

NF - behandling:

Samrøystes vedteke

NF - vedtak:

Ole Anders Heimdal GBNR 83/1 i Modalen får eit tilskot frå næringsfondet på 75 % av kostnaden på kjøp av mjølkekvote på geit på 35 000 l, avgrensa til kr 656 250,-.

Vilkår for utbetaling

Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgatte dokumenterte kostnader. Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon skal vera attestert av rekneskapsfører. Utbetalinga må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkja om utsetjing innan fristen for gjennomføring.